



Multiconsult Norge AS Avd Stord
Kunnskapshuset Sæ 132
5417 STORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5346 - 21/62958

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
18.10.2021

Godkjent søknad om dispensasjon - gbnr 229/1

**Administrativt
vedtak:**

Saknr: 979/21

**Tiltakshavar:
Søknadstype:**

Lerøy Vest AS
Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) §
19-1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner, og føresegn 2.2 i kommuneplan for Lindås som set krav om reguleringsplan for etablering av supplerande inntaksleidning.

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg. Det er ikkje naudsynt med denne dispensasjonen.

Det er søkt om dispensasjon frå omsynssone for ras og skredfare (H310). Det er vurdert at det ikkje er naudsynt med dispensasjon frå denne omsynssona.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket omfattar dispensasjon frå arealføremål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner, samt føresegn 2.2 i kommuneplan for Lindås som set krav om reguleringsplan. Det understrekar at dette ikkje er eit løyve til tiltaket i seg sjølv. Det må søkjast om byggjeløyve etter plan- og bygningslova kapittel 20.

**Saksutgreiing:
Tiltak**

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i kommuneplan for Lindås.

Det er søkt om dispensasjon frå krav om reguleringsplan i kommuneplan for Lindås.

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg. VVA-avdeling i Alver kommune har slått fast at det ikkje er naudsynt med slik dispensasjon for dette tiltaket.

Det er søkt om dispensasjon frå omsynssone H310. Det er vurdert at det ikkje er naudsynt med dispensasjon frå omsynssona for det konkrete tiltak.

Det vert elles vist til søknad mottteken 09.06.2021.

Planstatus

Eigedom ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Lindås sin arealdel er definert som bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Tiltak ligg i omsynssone for skred og ras med kode H310.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Tiltak krev dispensasjon frå krav om reguleringsplan jf. føresegn 2.2 i kommuneplan.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Tiltakshavar viser til at tiltak ikkje vil endre eksisterande demning eller utløpsrøyr. Leidning blir plassert på botnen forankra med lodd, og inntakspunktet vert heva noko for å unngå botnslam. Under normal drift vil heile tiltaket vere under vasspegelen, og ingenting vil vere synleg. I tilfelle av ekstrem nedtapping vil øvre del av leidning vere synleg i utløpskanalen ved Molvikbrua.

Omsynet med etableringa av inntaksleidningen er å få tilgang til meir stabilt temperert vatn året rundt. Tiltaket bidreg til å tryggje fiskehelsa i settefiskeanlegget, og vil bidra til energisparing. Tiltak vil ikkje føre til auka uttak av vatn i høve til konsesjonsløyvet. Tiltak vil ikkje kome i konflikt med trua artar eller sikra friluftsområde. Det blir vidare lagt vekt på at heile tiltaket er reversibelt og kan enkelt fjernast utan å setje spor etter seg. Tiltakshavar vurderer etter dette at ein eventuell reguleringsplan ikkje vil gje anna informasjon enn det som allereie ligg føre.

Det er vidare presisert at tiltak i liten grad vil bli påverka av eventuelle skred i området, og at inntak av vatn vil kunne nyttast uansett.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Alver kommune ved landbruksavdelinga den 27.08.2021:

Landbruksavdelinga har ingen merknadar til dispensasjon frå arealføremål for etablering av inntaksleidning for supplerande vasstilførsel.

Det er henta inn slik uttale frå NVE den 01.09.2021:

NVE har ingen merknadar til at det vert gjeve dispensasjon frå arealføremålet. NVE viser vidare til tryggleikskrav i TEK17 §7-3 og at tiltakshavar må dokumentere at tiltaket ikkje blir påført skade av skred med det gjentaksintervallet som gjeld for den aktuelle tryggleiksklassen. Alver kommune må vurder om denne dokumentasjonen er god nok.

Spørsmålet om dispensasjon for byggegrense mot kommunal veg vart sendt til vegavdeling i kommunen. Det vart stadfesta at slik dispensasjon ikkje var naudsynt for dette tiltaket.

Saka var sendt til Alver kommune ved kulturavdeling, Statsforvaltaren i Vestland, samt Vestland Fylkeskommune den 23.07.2021. Frist for uttale var sett 4 veker fram i tid til 20.08.2021. Det er ikkje kome inn merknadar frå desse mottakarane.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Nabomerknad

Merknad 1

Det ligg føre slik merknader frå eigar av gbnr. 231/73 og gbnr. 229/1 og 2 ved brev datert 07.06.2021:

1. Det er feil i kommunen sitt eigedomskart. Grensa mellom gnr. 229 bnr. 1 og 2 og gnr. 231 bnr. 73 går midt i Kanalen.
2. Norwegian Preserving Co AS har rett til å ta ut vatn med slange frå Husdalsvatnet etter inngått rettskraftig rettsforlik (dom) i Gulating lagmannsrett i 2017. Norwegian Preserving Co AS har ikkje inngått avtale med Lerøy Vest AS om å ta ut vatn med slange frå Husdalsvatnet i samsvar med inngått rettsforlik. Grunneiere har ikkje mottatt kopi av slik avtale.
3. Norwegian Preserving Co AS og Lerøy Vest AS har ikkje tatt kontakt med grunneigarane av Kanalen (gnr. 229 bnr. 1 og 2 og gnr. 231 bnr. 73) om tillating til/avtale om å leggje slange frå Husdalsvatnet gjennom Kanalen og fram til demningen.
4. Ifølge Alver kommune er det eigarane av grunnen der tiltaket ønskes som må søka om dispensasjon, evt v/ fullmakt. Søknad om dispensasjon kan difor ikkje handsamast av kommunen før grunneigarane eventuelt har gjeve eit slikt.
5. I inngått rettsforlik skal tapping av vatn i Husdalsvatnet skje gjennom *slange*. Det framgår vidare av forliket at Norwegian Preserving Co AS vil tilby Lerøy Vest AS *rett* til å tappe vatn med *slange* etter endelig forlik. I søknaden er det opplyst at det skal leggjast leidning som har ein diameter på 800 mm, det vil si 80 cm, frå Husdalsvatnet gjennom Kanalen og fram til demningen. Eit rør av denne dimensjonen er ikkje ein slange. Ein slange er av ein heilt annan dimensjon, og er laga for å kunne leggjast smidigare og meir skjerma/tilpassa i terrenget/stedlige forhold.

6. I følge mottatt varsel gjelder søknaden dispensasjon frå kommuneplanen om føremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner». Omsøkte leidning av rør er ein fast konstruksjon og vil bandlegga heile Kanalen. *Søknaden er difor heller ikkje i samsvar med inngått rettsforlik om retten til leggje slange.*
 7. Det aktuelle området er i kommuneplanen vist med formålet «Landbruk, natur og friluft» (LNF). Lerøy Vest AS søker ikkje/har ikkje søkt om dispensasjon frå dette formålet i kommuneplanen. Ved Kanalen er det ein opplagsplass med vegadkomst. Delar av skogen rundt Husdalsvatnet har ikkje vegutløyning. Husdalsvatnet og Kanalen er difor transportveg for ved/tømmer. Ved å leggja det omsøkte røret, vil dette hindra adkomst til opplagsplassen.
 8. På grunn av terrenget ved Husdalsvatnet er området ved opplagsplassen gnr. 229 bnr. 1 og 2 sin einaste mulige båt plass ved vatnet. Eit rør som beskrevet i søknaden vil hindra adkomst til båtstøt.
-

9. Vi meiner at omsøkte tiltak set føremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» i kommuneplanen vesentleg til side og at fordelene ikkje er klart større enn ulempene.
10. Vi oppfordrer Lerøy Vest AS til å gå fram korrekt og inngå nødvendige avtaler med grunneigarane slik rettsforliket krev.

Merknad 2

Det ligg føre merknad frå sonen til eigar av gbnr. 6/1 datert 06.06.2021, der vedkommande uttalar seg på vegne av eigar:

Det blir her lagt fram at plassering av eit røyr i kanalen vil forverre tilkomst kraftig, eller i verste fall gjere tilkomst umogeleg i tørre periodar. Vidare blir det problematisert at det er Lerøy Vest og ikkje NPK som er tiltakshavar. Det er vist til at grunneigarane ikkje har ei avtale med Lerøy Vest, men med NPK knytt til vassføring frå Husdalsvatnet.

Nabomerknad viser vidare til rettsforlik som er tinglyst på alle eigedomane og regulerer kva som skal skje ved innlegging av slange i Husdalsvatnet. Det er lagt til

grunn at rettsforlik ikkje er følgt på dette punkt. Det er bedt om å vente med handsaming til eigedomsforhold er avklart i saka.

Merknad 3

Det ligg føre slik merknad frå eigar av gbnr. 230/1 og 2 datert 08.06.2021:
Nabomerknad viser til at eigar av gbnr. 230/1 og 2, samt fleire naboar, har tinglyst opplagsplass ved demninga. Dette for å sikre tilkomst frå vatnet. Det blir lagt til grunn at plasseringa av tiltaket vil vanskeleggjer og hindre tilkomst til opplagsplassen. Merknaden viser til at retten til opplagsplassen ikkje er problematisert i dispensasjonssøknad.

Merknad viser vidare til at ein ikkje har kjennskap til at NPK har gjeve Lerøy Vest AS rett til å tappe vatn frå Husdalsvatnet.

Kommentar på merknadar

Det ligg føre kommentar på nabomerknad frå NPK som er rettshavar til vassrettane i Husdalsvatnet ved brev datert 09.06.2021:

NPK legg ved merknad som rettshavar til vassrettane i Husdalsvatnet. NPK har ingen kommentarar til Lerøy sin dispensasjonssøknad.

NPK fremjar enkelte merknadar til grunneigarane sine merknadar. NPK viser til rettsforliket mellom NPK og grunneigarane knytt til NPK sine vassrettar i Husdalsvatnet. Det går fram av dette rettsforliket at NPK «vil tilby Lerøy Vest AS rett til å tappe med slange etter at endelig forlik er inngått». NPK legg følgjeleg til grunn at grunneigarane er kjend med at Lerøy vil få tilbod om rett til å tappe vatn med slange. Det er dermed ikkje naudsynt med noko særskilt avtale med grunneigarane. Rettsforliket er tinglyst på samtlege av grunneigarane sine eigedomar.

Det visast vidare til at rettsforliket med grunneigarane ikkje set avgrensingar for storleik på slangen som skal nyttast til å tappe vatn. NPK legg vidare til grunn at nemnte opplagsplassen ikkje har vore til bruk i nemneverdig grad. Det er ikkje ført bevis for bruk av denne i nyare tid.

NPK viser til at det ikkje er tatt atterhald om uhindra tilfott i kanalen. Grunneigarane måtte vere førebudd på at nedtapping av vatnet ville kunne medføre vanskelegheit for framkomst med båt.

NPK viser sluttvis til at tiltakshavar etter plan- og bygningslova skal fremje søknad om blant anna dispensasjonar. Det visast vidare til rettsforliket der det går fram at NPK har dei privatrettslege rettane søknaden føreset jf. pbl.§21-6. Vidare syner forliket at NPK har rett til å tilby Lerøy å utnytte denne retten etter nærmare avtale. Slik avtale er ikkje inngått på tidspunkt for søknad om dispensasjon.

Tiltakshavar, Lerøy Vest, har kommentert nabomerknad. Lerøy Vest opplyser at: Tiltakshavar viser til fellesmerknad frå gbnr. 229/1 og 2, samt gbnr. 231/73. Lerøy Vest viser til merknad 4 frå NPK og stiller seg bak desse. Vidare presiserer Lerøy Vest at leidning blir lagt i vatn/kanalen og dette er areal regulert til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner», og ikkje til LNF. Tiltak vil ikkje kome i konflikt med tilkomstveg og opplagringsplass som er regulert til LNF.

Tiltakshavar viser til merknad frå gbnr. 6/1 og stiller seg bak merknad frå NPK.

Tiltakshavar viser til merknad frå gbnr. 230/1 og 2 og stiller seg bak merknad frå NPK.

Tiltakshavar viser til merknad frå NPK ved advokatfirma Thommessen som blir vist til for dei andre merknadane.

Lerøy Vest legg inn generell kommentar knytt til ynskje om dispensasjon for utlegg av supplerande inntaksleidning i Husdalsvatnet. Det er ynskje om å avklare spørsmålet om dispensasjon før ein inngår rettsleg bindande avtale med NPK. Vidare presiserer Lerøy Vest at det er fullt mogeleg å komme til med båt ved normal vassføring til tross av plassering av leidning. Data frå området syner djupne på 5 meter. Leidning vil med feste gje ei høgde på 1,2 meter.

Plassering

Plassering går i grove trekk fram av dispensasjonssøknad. Det er ikkje vedlagt situasjonskart idet søknad i denne omgang berre gjeld dispensasjon.

Det er opplyst at tiltak vil komme i strid med byggegrense mot kommunal veg. Tiltak har vore diskutert med vegavdeling i kommunen, og det er ikkje naudsynt med dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har søkt dispensasjon frå faresone H310 i kommuneplan knytt til ras- og skredfare. Sjå vurdering nedanfor.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre.

Administrasjonen si vurdering er at omsyna det søkjast dispensasjon frå ikkje vert sett vesentleg til side som følgje av tiltaket det er søkt dispensasjon for.

Dispensasjon frå arealføremål «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner»

Tiltak krev dispensasjon frå arealføremål «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» som er skildra i føresegn 3.5 i kommuneplan for Lindås.

Pbl. § 19-2 andre ledd set som krav for dispensasjon at føresegn det dispenserast frå ikkje vert vesentleg sett til side. Tiltak som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate jf. føresegn 3.5.1 i kommuneplan. Det går vidare fram at hovudføremål og underføremål ikkje er til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum og telenett jf. pbl. § 11-11 nr.3. Det er her tale om å leggje ut leidning i vassdrag, som planen i utgangspunktet ikkje opnar for.

Omsynet med inntaksleidningen er å transportere vatn frå djupne og til utløpet ved demninga. Leidningen vil ikkje opne for å ta ut meir vatn enn det allereie er løyve til gjennom føreliggjande konsesjon frå NVE.

Tiltak medfører inga endring på eksisterande demning eller utløpsrøyr. Leidningen vil vere plassert på botn av vatnet, og under normal drift ikkje vere synleg. Arealføremålet opnar for slike tiltak i sjø. Kommunen si vurdering av tiltak er at det ikkje sett arealføremålet vesentleg til side.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at tiltaket medfører fordelar i form av betre tilgang til stabilt temperert vatn året rundt, som vil forsikre god fiskehelse. Tiltaket vil følgje botnen av vatnet, og dermed ikkje vere til hinder for allmenn bruk av vatnet. Det er vidare presisert at heile tiltaket er reversibelt og kan fjernast utan å setje spor etter seg. Kommunen vurderer fordelane ved tiltaket som større enn ulempene.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå arealføremål «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» er oppfylt.

Dispensasjon frå krav om reguleringsplan etter føresegn 2.2 i kommuneplan for Lindås

Omsynet med detaljregulering i form av reguleringsplan er å sikre at interesser i området vert vurdert og at ein finn gode felles løysningar for område, samt at regionale og statlege interesser blir tatt vare på gjennom ein planprosess.

Det konkrete tiltak er nabovarsla og opplyst ved nabomerknadar og kommentarar på gjeldande nabomerknadar, samt vidare gjennom inngått rettsforlik. Interessene til partane er dermed lagt fram i prosessen. Omsyn bak utarbeiding av reguleringsplan er ikkje sett vesentleg til side.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at saka er grundig opplyst gjennom nabomerknadar og rettsforlik. Kommunen si vurdering er at dispensasjon frå krav om reguleringsplan medfører større fordelar enn ulemper.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå krav om reguleringsplan etter føresegn 2.2 i kommuneplanen i Lindås er oppfylt.

Dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg

Tiltak er diskutert med VVA-avdeling i Alver kommune. Det er vurdert at tiltak ikkje krev dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg.

Dispensasjon frå faresone H310

Det er søkt dispensasjon frå omsynssone H310 for ras- og skredfare. Kommunen si vurdering er at det ikkje er aktuelt å gje dispensasjon frå omsynssone og tryggleikskrav i teknisk forskrift (TEK17).

Kommunen vurderer jamvel at tiltak ikkje er omfatta av TEK17 §7-3. Røyrret skal berre forsyne settefiskanlegget. Det er ikkje tale om å forsyne eit næringsområde med slækkevotn for brannvassdekning eller liknande. I det tilfelle at røyr blir skada grunna skred vil ikkje dette vere til fare for liv for folk. Ansvarleg søker har vidare dokumentert at det heller ikkje vil medføre fare for liv for fisket i anlegget.

Plassering

Det er gjeve dispensasjon med grunnlag i grovskissa plassering som er synt på vedlagt bilete i dispensasjonssøknad, datert 28.06.2021. Plassering av tiltak må vurderast nærare ved handsaming av byggesøknad for tiltaket. Ved innsending av byggjesøknad er det søker sitt ansvar å sørge for at slange er i samsvar med privatrettslege krav, her knytt til føreliggjande rettsforlik.

Privatrettslege tilhøve

Handsaming av dispensasjonssøknaden her tek ikkje stilling til privatrettslege høve i saka.

Det går fram av vedlagt rettsforlik at Lerøy Vest vil få tilbod av NPK om rett til å tappe med slange i vatnet gjennom avtale. Det er naudsynt med slik avtale før handsaming av tiltaket som byggesak.

Nabomerknad frå gbnr. 231/73 og 229/1 og 2

Merknad viser til at NPK og Lerøy Vest ikkje har inngått avtale som gjev Lerøy Vest rett til å ta ut vatn med slange. Det leggjast til grunn at rettsforlik opnar for at desse partar har rett til å inngå slik avtale. I denne runda vurderer kommunen berre dispensasjon frå pbl.§19-2. Ved plassering av tiltak vil det vere naudsynt med byggesøknad etter plan- og bygningslova kapittel 20, som føreset at slik avtale er inngått.

Merknad viser til at kommunen ikkje kan handsame dispensasjonssøknad utan at eigarane av grunnen gjev fullmakt til dette. Pbl.§21-6 legg til grunn at kommunen skal avvise søknad i dei tilfelle det er «åpenbart» at tiltakshavar ikkje har dei private

rettar som søknad føreset. Det er i det konkrete tilfellet ikkje openbart for kommunen at Lerøy Vest ikkje har dei privatrettslege rettane som søknad føreset. Det visast på dette punkt til inngått rettsforlik som opnar for at Lerøy Vest etter nærmare avtale med NPK vil ha rett til å tappe vatn med slange.

Merknad viser til at inntaksleidning har ein diameter på 80cm og at eit røyr av denne dimensjonen ikkje er definert som ein slange, som vist til i rettsforlik. Føreliggjande rettsforlik går ikkje inn på storleik på tiltak, utover at det er definert som «slange». Ved innsending av byggjesøknad er det søkjar sitt ansvar å sørge for at slange er i samsvar med privatrettslege krav, her knytt til føreliggjande rettsforlik.

Merknad viser til at plassering av inntaksleidning vil hindre tilkomst til opplagsplassen samt båt plass for gbnr. 229/1 og 2. Det er her tale om søknad om dispensasjon frå arealføremål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone samt krav om reguleringsplan. Det er ikkje tatt stilling til privatrettslege høve knytt til om slange er i tråd med rettsforlik. Rettsforlik og konsesjon opnar for at det kan plasserast slange i dette området. Rett til opplagsplass er ikkje til hinder for handsaming av dispensasjon frå arealføremål og krav om reguleringsplan.

Merknad viser til at det aktuelle området er regulert til LNF i kommuneplan. Kommunen vurderer at tiltaket si sin heilskap ligg innanfor område regulert til bruk og vern av sjø og vassdrag ned tilhøyrande strandsone. Grensa for LNF startar nokre meter inn på land og følgjer eigedomsgrensa som skildra på bilete nedanfor. Røyret går dermed fri frå denne grensa slik det er skildra i søknad.



Nabomerknad frå gbnr. 6/1

Merknad viser til tilkomst til opplagsplass frå sjøvegen, samt at Lerøy Vest er tiltakshavar i saka. Dette er trekt fram i nabomerknad frå gbnr. 231/73 og 229/1 og 2. Sjå vurdering om dette ovanfor.

Merknad viser vidare til føreliggjande rettsforlik og at aktuell inntaksleidning ikkje er i samsvar med dette forliket. Rettsforliket viser til at ein kan tappe vatn med slange. Forliket går ikkje inn på nokre krav til storleik på denne slangen. Sjå vurdering om dette i merknad ovanfor.

Nabomerknad frå gbnr. 230/1 og 2

Merknad viser til at skildra tiltak vil vanskeleggjer og hindre tilkomst til opplagsplassen. Dette er trekt fram i nabomerknad frå gbnr. 231/73 og 229/1 og 2. Sjå vurdering om dette ovanfor.

Merknad viser vidare til at dei ikkje har kjennskap til at NPK og Lerøy Vest har inngått avtale om rett til å tappe vatn frå Husdalsvatnet. Det ligg ikkje føre slik avtale på noverande tidspunkt. Det vil vere naudsynt med slik avtale for handsaming av det konkrete tiltak ved seinare byggesøknad.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarlast etter pbl § 21-3.
- Krav til privatrettsleg sikra tilgang til vatn og avlaup følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf 29-1.
- Krav til avfallsplan følgjer av byggt teknisk forskrift (TEK) § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/5346

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lerøy Vest AS
Multiconsult Norge AS Avd
Stord

Skipavika 54 5397
Kunnskapshuset 5417
Søe 132

BEKKJARVIK
STORD